

ÅRSMELDING FRÅ STYRET I BERGEN MÅLLAG 2017

Styret

På årsmøte 20.02.17 vart desse valde til styre for Bergen Mållag i 2017:

Bjørge Eli Eide, leiar, vald for 1 år, Trude Bukve (ikke på val), Ingvil Brügger Budal (ikkje på val), Astrid Olsen (vald for 2 år), Matti Wiik (vald for 2 år) og varamedlem Nils Mæhle (1.vara, vald for 1 år), Anne Buset Vassbotten (2.vara, vald for 1 år), og Helge Sandøy (3.vara, vald for 1 år).

Vidare valde årsmøtet

- Valnemnd: Ragnhild Anderson og Mona Stormark.
- Bokettersyn: Livar Aksnes.

Styret konstituerte seg med Trude Bukve som kasserar, Ingvil Bügger Budal som skrivar, Astrid Olsen og Matti Garnes Wiik som styremedlemer. Me har halde 10 styremøte i perioden, og Studentmållaget i Bergen har hatt høve til å stille med observatør på møta.

Medlemstal

Bergen Mållag er eitt av dei største mållaga i landet med 529 betalande medlemer i 2017. Det er framleis to fungerande mållag i bydelane Arna og Fana/Ytrebygda i Bergen. I dei seinare åra har Fana Mållag fått ein stadig eldre medlemsmasse og har hatt vanskar med å rekruttere nye og yngre krefter til verv i laget. Lenge har det vore slik at nye medlemer i Noregs Mållag som har adresse i Bergen kommune automatisk vert meldt inn i Bergen Mållag, sjølv om dei bur i bydelen Fana/Ytrebygda. Leiar i Fana mållag vende seg til styret i Bergen mållag for å hjelp til å rekruttera medlemer/overføring av medlemer som bur i Fana og Ytrebygda. På sist årsmøte i Bergen Mållag vart det gjort vedtak om at styret skulle ta kontakt med Fana Mållag for å gi dei høve til å kontakte medlemer i Bergen Mållag som har adresse i Fana og Ytrebygda bydel. Dette er følgd opp av styret, og leiar i Fana Mållag har skrive brev til gjeldande medlemer med tilbod om medlemskap i Fana Mållag. Dette kan også ha ført til at fleire har meldt overgang frå Bergen til Fana Mållag i samband med betaling av medlemskontingent i 2018, då me hittil har sett ein nedgang i medlemspengar dette året.

Aktivitet i perioden

- **Nynorskbaren**

Nynorskbaren på Logen bar er eit tilbod til alle som er glade i nynorsk i byen, både medlemer i Bergen Mållag og andre. Me samarbeider med Studentmållaget i Bergen om tilskipinga. Det har vore

halde åtte arrangement med stor variasjon i tema.

Tema og innleiarar på nynorskbaren 2017 var:

- 7. februar: Nynorskbaren hyllar engasjementet for nynorsk i høyringa til Vestlandsregionen. Fleire av høyringsuttalane vart opplesne.
- 7. mars: “Die deutsche Ideologie” /Karl Marx på nynorsk. Terje Valen presenterte boka si.
- 2. mai: Nynorsk-ish-bar ved Signe Nilssen.
- 13. juni: Nynorsk i nynorskbyen Bergen. Korleis gjere nynorsken meir synleg i barnehagar, i all opplæring og det offentlege rom?
- 5. september: Valmøte med Kjersti Toppe (Sp) og Jette Christensen (Ap) med tema SP, AP og nynorsken.
- 7. november: Nynorsk med dei minste. Innleiar Ingvil Brügger Budal. Nynorsstafetten vitjar Bergen denne dagen og fortel om besøk i barnehagar i Bergen,
- 5. desember: Historisk innleiing om Målvinarlaget ved Nils Mæhle. Her var det så få oppmøtte at innleiinga vert halden ved seinare høve.

Nynorskbaren i desember var den siste i Logen bar, då baren stenger i januar i uvisst tidsrom. Bergen Mållag må dermed finna nye lokale for Nynorskbaren frametter. Astrid Olsen og Nils Mæhle har førebels teke på seg oppgåva om å ha ansvar for tilskipingane medan ein leitar etter nye faste lokale.

- Årsmøte i Hordaland Mållag 11.-12.03, kor Bergen Mållag hadde 2 utsendingar: Anne B. Vassbotten og Hallvard Lønøy.
- Bergenskonferansen 25.-26.03.17 i samarbeid med Universitetet i Bergen og Hordaland Mållag. Frå styret tok Trude Bukve og Ingvil Brügger Budal del i programkomiteen. Konferansen vart halden i Aulaen ved UiB. Tema for konferansen var «Nynorsk for alle på Vestlandet?», med tema som språk og styring i opplæring, og vegar til integrering. Konferansen var rimeleg godt besøkt, med 100 deltakarar i løpet av dei to dagane. Tilbakemeldingane etter konferansen var gode, både når det gjeld innhald, rammene rundt og gjennomføring.
- Strategimøte i regi av skulemålsnemnda i Hordaland Mållag den 22.04. Astrid og Bjørg Eli frå styret tok del.
- 1. mai tok Bergen Mållag del i 1.mai-alliansen sitt arrangement med parola “Meir nynorsk i Bergen.”
- Strategimøte for nynorsken i Hordaland 20.05. Dagsseminar om skulemål i regi av Hordaland Mållag og Odda Mållag.

- Stand på Torgdagen i Bergen laurdag 10.06. Diverre kom ikkje Dag og Tid og Barnebladet, men me fekk likevel mange i tale om nynorsk og medlemskap i BM.
- Valmøte på Litteraturhuset 21.08 i regi av Hordaland Mållag, Noregs Mållag og Odda Mållag. Tema for møtet var “ Kva er nynorsken sin status som jamstelt skriftspråk i Noreg?”.
- Møte med skulebyråden i Bergen 28.09.17:
Her møtte leiar av Bergen Mållag saman med Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, Marit Aakre Tennø som arbeider for Noregs Mållag, og Live Havro Bjørnstad for Hordaland Mållag. Frå byråden sitt kontor møtte Pål Hafstad Thorsen (byråd frå barnehage og skule og idrett), Jan Eide (seksjonsleiar skole) og politisk rådgjevar Line Berggren Jacobsen.
Tema for møtet var ;
 - Språkbruksplanen/stoda i skulen og barnehagen i Bergen
 - Sidemålsprosjektet
 - Invitasjon til Bergen kommune om å vere med og skipe til Bergenskonferansen for nynorsk i Bergen i 2019, gjerne i samarbeid med Hordaland fylkeskommune
 - Løyving av midlar til prosjektstillinga
- 07.11 vitja Nynorskstafetten (i regi av Noregs Mållag) Bergen, og tok del på Nynorskbaren på Logen bar om kvelden, kor tema var “Nynorsk med dei minste”.

Nettsidene/Facebook

Det har vore gjort mindre med nettsida enn det styret hadde som målsetjing. Denne sida er ikkje gagnleg for Bergen Mållag slik den er utforma. Styret har gjort vedtak om å legge ned denne sida og heller nytte ei som er oppretta under Hordaland Mållag sine sider. Slik får ein sams utsjånad. All viktig informasjon er no flytta til den nye nettsida for å sikra at ikkje noko forsvinn når ein startar på ein ny plattform.

Me er jamt over blitt flinkare til å legge hendingar ut på FB, men BM kunne truleg gjort meir. Ulike sosiale medium er viktige for å halda best mogleg kontakt med medlemene, og for all verksemd retta utover.

Styret samarbeider med skivarstova i Noregs Mållag om vervekampanje via Facebook og dette året kom Bergen Mållag på 2. plass i lokallagskonkurransen, berre slått av Oslo Mållag, om å verva flest nye medlemer.

Økonomi

Sum inntekter 132.295,-. Sum kostnader 160.492,80. Nettotap 28.197,80. Eigedelar 86.243,16. Gjeld

12.576,25. Eigenkapital 73.666,91. Fondsmidlar 79.754,41,- med renter på 436,25,- dette året.

Jamfør elles eigen rekneskap for 2017 som vert lagd fram på årsmøte.

Prosjektstillinga

Frå august 2016 har det vore tilsett eigen prosjektmedarbeidar i Hordaland Mållag, Live Havro Bjørnstad. I denne årsmøteperioden har ho mellom anna teke del på nokre av styremøta i Bergen Mållag og vore med på gjennomføringa av Bergenskonferansen. Ho tok og del på møte med skulebyråden i september 2017 og var sentral då Nynorskstafetten vitja Bergen.

Stillinga er mellom anna viktig for arbeidet med å fremje nynorsk i Bergen, og Bergen Mållag har løyvd ein god del midlar til stillinga, i tillegg til at me har søkt om midlar både frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune løyvde i 2016 kr 100.000 til prosjektet. Ei eiga gruppe med Astrid Olsen, Bjørg Eli Eide og Nils Mæhle har hatt eigne møte for å følgje opp stillinga.

Bergen, 07.03.18

Styret i Bergen mållag

Arbeidsprogram 2018

- prioritere arbeidet for å verva nye medlemmer og å aktivisere medlemmer. Følgje opp dei som ikkje har betalt medlemspengar trass purring.
For å tilby meir aktivitet til medlemmer vil styret ta initiativ til oppretting av to nemnder i perioden:
 - Barnehagenemnd
 - Høgskule/Universitetsnemnd
- planlegging av Bergenskonferansen for nynorsk i Bergen 2019. Invitere Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune til å vere medarrangør for konferansen.
- sjå til at byrådet i Bergen følgjer opp eiga politiske plattform om nynorsk språk, m.a. om nynorsk som opplæringsmål, og at byrådet følgjer opp arbeidet om eiga språkmelding, Eit eige møte med byrådsavdelinga med oppsummering av stoda bør prioriterast i 2018. Jamfør sist møte med byrådsavdelinga 28.09.17.
- vera med i den uavhengige 1. mai-alliansen med mållagsparole.
- markera Torgdagen i Bergen med stand, medlemsverving og utdeling av materiell

- oppmoda fleire institusjonar, offentlege og private, til å nytta nynorsk; gje målblome til dei som nyttar nynorsk
- ta initiativ til nye nynorskprosjekt i barnehage, skule og høgare utdanning, og i det private næringslivet
- arbeida for nynorsk fagspråk i barnehage, skule, høgare utdanning og det private næringslivet, jf. påverknaden frå engelsk
- saman med Hordaland Mållag arbeide for at prosjektstilling for nynorsk i Bergen vert permanent ut over prosjektperioden
- laga eit nytt system for avvikling av Nynorskbar etter sommaren, eit konsept ein vil halda fram med å skipa til
- setja i gang samarbeidstiltak med Studentmållaget i Bergen, Bergen Mål ungdom og andre mållag i Bergen og omland
- gjera eit aktivt arbeid for å fremja lokallaget på heimesida og i sosiale medium
- delta i den offentlege debatten

